

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

0 10 20 30 40 50 60 70 80 90 mm
10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

(Lauvdukkar. No. 9.)

[Aasen, Ivar]

Dei gamle Fjelli.

1. Dei gamle Fjell i Syningom
er altid eins aa sjaa,
med same gamle Bryningom
og same Toppom paa.
I Bygdom byggja Sveinarne,
og Huset stender laust;
men dei gamle Merkesteinarne
dei standa lika traust.

2. Paa Fjellom er det leikande
aa ganga til og fraa
og kring um Toppen reikande
so vidd um Land aa sjaa:
til Havet kring um Strenderna
med Skip som Fuglar smaa,
og til Fjelli kring um Grenderna
med tusund Valkar blaa.

3. Der er so mange Hendingar
i Bygdom komne til;
me sjaa so mange Vendingar
alt paa eit litet Bil.
Dei hara snutt um Vollarne
og slutt og rutt og bygt;
men dei gode gamle Kollarne
dei standa lika trygt.

V box 28 : 823

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20 30 40 50 60 70 80 90 200 10 20 30

0 mm

10

20

30

40

50

60

70

80

90

100

10

20

30

40

50

60

70

80

90

100

10

20

30

40

50

60

70

80

90

4. So stod dei gjenom Liderna
vel mange tusund Aar;
og Graset voks um Liderna,
og Lauvet kom kvar Baar;
og Binden tok um Topparne
og Batnet tok um Fot;
men dei gilde gamle Kropparne
dei tokon traust i mot.

5. Av Hav kom Sjemann stigande
og lengtad etter Land,
daa saag han Fjelli stigande
og kjendest ved si Strand.
Daa kom det Mod i Gutarne,
som saag sin Fødestad.
Ja dei gode gamle Nutarne
dei gjera Hugen glad.

Utor "Symra."

[Aasen, Ivar]

Livet.

Tone av Draumkvædet. El. Hava me gløynt vaare gamle Stev.

1. Heimen er baade vond og god,
det skifter med Sut og Gaman.
Høv er den, som med same Mod
kann taka mot alt til saman.

2. Begen ligger so ymst til
med Staup og store Krokar.
Ein kjemer der, som ein inkje vil,
og fram i mange Flokar.

3. Sveinen stemner i Begen radt
med stora Boner i Barmen;

han møter ymst ein Bakke bratt,
han møter stundom Harmen.

4. Um ei Stund han før ein Stur,
det heve sit gamle Gjenge:
Gleda gløynest, fyrr du trur,
men Sorgerna sitja lenge.

5. Kjem han sturen i Verdi ut,
so før han liten Fagnad;
ho snur seg burt ifraa all Sut;
so klagar han paa sin Lagnad.

6. Han lastar Verdi, som er so snar
fraa Sorg til Leif aa venda.
Han gløymer lett, at det same var
hans eigen Hug, kann henda.

7. Strenge Dagar maa koma paa,
men etter koma dei milde.
Den største Hugnad me stundom faa,
der minst me vona vilde.

8. Lauvet fell um Hausten av,
um Baaren etter det spretter.
Dauden herjar um Land og Hav,
men Livet kjem altid etter.

9. Stormen sopar i Skogom hardt,
so Tre og Kvister brotna;
men grøne Kvister vil renna snart
av Rotom til deim, som rotna.

10. Kjært er Livet med all sin Harm,
det klaarnar, alt som det gjenger.

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

0 mm

10

20

30

40

50

60

70

80

90

100

10

20

30

40

50

60

70

80

90

100

10

20

30

40

50

60

70

80

90

0

Men endaa treng eg ei Bon i Barm
um eitt, som varer lenger.

Autor „Symra.“

[Aasen, Ivar]

Me skal koma, um inkje so braadt.

1. Dei vil altid klag og syta,
at me ganga so feint og so smaatt;
men eg tenkjer, dei tarv inkje syta:
me skal koma, um inkje so braadt.

2. Ja, det syt inkje fram, so det dunar,
(som no ingen kann undraast uppa);
men det munar daa jaamt, ja det munar,
so det stundom er Hugnad aa sjaa.

3. Lat det ganga fram, lad det siga!
Verre eitt eg ynskjer og bed:
at me inkje so høgt maatte stiga,
at me gløyma vaar Fedra-Sed.

4. Lat os inkje Førstederne gløyma
under alt, som me venda og snu;
for dei gav oss ein Arv til aa gjøyma,
han er større, en mange viltru.

5. Lat det merkaast i meir en i Ordi,
at me halda den Arven i Stand,
at, naar Federne sjaa att' paa Fördi,
dei kan kjenna sitt Folk og sit Land.

Christiania. Prentat hjaa H. E. Larsen.